

Tabell 3-fk

Anslag på frie inntekter i 2017. Fylkeskommunane

Tabell 3 viser anslag på vekst i frie inntekter for fylkeskommunane frå 2016 til 2017. Som frie inntekter reknar ein inntektsskatt (inkl. naturressursskatt) og rammetilskot. Tabellen viser veksten etter anslag på rekneskap for 2016. Alle tala er i nominelle kroner. Prisveksten i kommunesektoren frå 2016 til 2017 er anslått til 2,5 pst.

Skatteinntektene, inkl. skatteutjamning, er den storleiken det er knytt mest uvisse til i veksten. Skatteinntektene blir anslått ut ifrå det samla skatteanslaget for 2016 og 2017 for fylkeskommunane, og fylkeskommunane sine skatteinntekter i 2015. For skatt på inntekt tek ein for kvar fylkeskommune utgangspunkt i skatt per innbyggjar i 2015, framskrive med innbyggjartalet i 2016. Ut ifrå skatt i 2015 framskriven med innbyggjartal for 2016, blir det rekna ut kva del som kvar fylkeskommune får av berekna samla skatt. Den delen blir nytta til å fordele samla skatteanslag på inntekt mellom fylkeskommunane både for 2016 og 2017. I skatteanslaget er anslag på skatteutjamning inkludert.

I berekninga blir naturressursskatten halden konstant, dvs. på 2015-nivå (inntektsåret 2014).

Tala for rammetilskot 2016 er henta frå nivå ved revidert nasjonalbudsjett 2016. Rammetilskotet for 2017 er vist i tabell 1-fk.

For å gjere tala samanliknbare, noko som er ein føresetnad for å kunne berekne veksten, blir frie inntekter for 2016 korrigererte for oppgådeendingar, regelendingar og innlemmingar av øyremerkte tilskot i 2017. I 2017 er summen av desse endringane 58,6 mill. kroner. Korreksjonar i 2017 er viste i innleiinga til Grønt hefte. Alle oppgåvekorrigeringar er gjort på fylkeskommunenivå.

Veksten i frie inntekter frå 2016 til 2017 blir berekna frå anslag på rekneskap for 2016 i Prop. 1 S for 2017. Skatteanslaget for fylkeskommunane for 2017 er 31,9 mrd. kroner. Inntektsveksten frå 2016 til 2017, anslag rekneskap, er nominelt 2,1 prosent. Dette anslaget inkluderer ei oppjustering av skatteanslaget for 2016 i Revidert nasjonalbudsjett med 0,7 mrd. kroner.

Skjønstilskot som blir fordelt under året for 2016 og for 2017 er ikkje inkludert i vekstberekninga for kvar fylkeskommune. Ufordelt skjønn består i 2016 av 91 mill. kroner til reservepott (sett av til uventa hendingar) og 50 mill. kroner til infrastrukturtiltak i kommunar som slår seg saman (infrastrukturpott). I 2017 består ufordelt skjønn av 100 mill. kroner til reservepott og 50 mill. kroner til infrastrukturpott.

Kolonne 1 – Anslag på frie inntekter i 2016

Kolonne 1 viser frie inntekter etter anslag på rekneskap for 2016. Skatteinntektene til fylkeskommunane er framskrivne i samsvar med skatteanslaget for 2016 som ligg i nasjonalbudsjettet for 2017, med ein lik vekst for alle fylkeskommunane.

Kolonne 2 – Anslag på oppgåvekorrigerede frie inntekter i 2016

Inntektene i kolonne 2 er anslag på rekneskap korrigerert for oppgåveendringar, regelendringar og innlemming av øyremerkte tilskot. Det er teke utgangspunkt i det same anslaget som i kolonne 1. Oppgåveendringane det er korrigerede for er omtalt nærare i innleiingsteksten til Grønt hefte og Prop. 1 S (2016–2017) for Kommunal- og moderniseringsdepartementet.

Kolonne 3 – Anslag på frie inntekter i 2017

Kolonne 3 viser anslag på frie inntekter i 2017. Rammetilskotet til fylkeskommunane, eksklusive skatteutjamninga, er henta frå kolonne 4 i tabell 1-fk. Ved berekninga av anslag på skatteinntektene til fylkeskommunane har departementet teke utgangspunkt i fylkeskommunane sine skatteinntekter i 2015. Desse er framskrivne i samsvar med befolkningsutvikling og skatteanslaget for 2016 og 2017 som ligg inne i nasjonalbudsjettet for 2017. Skatteanslaget for den einskilde fylkeskommune er deretter lagt til grunn for berekninga av skatteutjamninga.

Kolonne 4 – Anslag på korrigerert vekst frå 2016 til 2017

Kolonne 4 viser anslag på oppgåvekorrigerert vekst i frie inntekter frå anslag på rekneskap 2016 til 2017 for den einskilde fylkeskommune (kolonne 3 – kolonne 2).

Kolonne 5 – Anslag på korrigerert vekst i pst. frå 2016 til 2017

Kolonne 5 viser prosentvis oppgåvekorrigerert vekst frå anslag rekneskap 2016 til 2017.